



FLORA KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN

FOR

BARNEHAGAR

2005 – 2015

REFERANSEDEL



Vedlegg til Kommunedelplan for barnehagar 2005-2015

VEDTATT AV FLORA BYSTYRE 29.11.05

Sak nr. 100/05

INNHALD

1. ORGANISASJONSUTVIKLING OG FORANKRING AV ARBEIDET I SEKTOREN	6
2. KAPASITET OG FULL BEHOVSDEKKING.....	7
Utviklinga i barnetalet.....	7
Full behovsdekking	7
Opptaksområdet og nærmiljø	8
Kapasitet.....	8
Konklusjoner	8
3. OVERSIKT OVER BARNEHAGANE I FLORA	10
ASKROVA SKULE.....	11
Verknad av tidlegare planar for eininga	11
Bygget sin tilstand og funksjon	11
Kapasitet.....	11
Korleis vi ser på utviklinga av eininga dei neste 10 åra.....	11
BATALDEN SKULE OG BARNEHAGE	12
Verknad av tidlegare planar for eininga	12
Viktige satsingsområde det siste året	12
Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)	12
Bygget sin tilstand og funksjon	13
Kapasitet.....	13
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	13
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv	13
ROGNALDSVÅG SKULE OG BARNEHAGE	14
Verknadar av tidlegare planar for eininga.....	14
Viktige satsingsområde det siste året	14
Viktige satsingsområde vidare	14
Bygget sin tilstand og funksjon	14
Kapasitet.....	14
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	14
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv	15
SOLHEIM SKULE OG BARNEHAGE.....	16
Verknadar av tidlegare planar for eininga.....	16
Viktige satsingsområde det siste året	16
Viktige satsingsområde vidare	16
Bygget sin tilstand og funksjon	17
Kapasitet.....	17
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	17
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv	17
SVANØY SKULE OG FØRSKULE	18

Verknad av tidlegare planar for eininga.....	18
Viktige satsingsområde det siste året	18
Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)	18
Bygget sin tilstand og funksjon.....	19
Kapasitet.....	19
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	19
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv.....	19
STEINHOVDEN SKULE OG BARNEHAGE.....	20
Verknad av tidlegare planar for eininga.....	20
Viktige satsingsområde det siste året	20
Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)	20
Bygget sin tilstand og funksjon.....	21
Kapasitet.....	21
Korleis ser vi på utviklinga i eininga dei neste 10 åra?.....	21
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv	21
STANDAL SKULE OG BARNEHAGE.....	22
Verknad av tidlegare planar for eininga.....	22
Viktige satsingsområde det siste året	22
Viktige satsingsområde vidare (5 10 års perspektiv)	22
Bygget sin tilstand og funksjon.....	22
Kapasitet.....	22
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	23
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv.....	23
EIKEFJORD BARNEHAGE	24
Verknadar av tidlegare planar for eininga.....	24
Viktige satsingsområde det siste året	24
Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)	24
Bygget sin tilstand.....	24
Kapasitet.....	25
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	25
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv.....	25
OMRÅDET SENTRUM – KROKANE – TORVMYRANE - BRANDSØY	26
Framskrivning av barnetalet og full barnehagedekking.....	26
BRANDSØY SKULE OG BARNEHAGE.....	27
Verknad av tidlegare planar for eininga.....	27
Viktige satsingsområde det siste året	27
Viktige satsingsområde vidare	28
Bygget sin tilstand og funksjon.....	28
Kapasitet.....	28
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	28
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv.....	29
DALVEGEN BARNEHAGE	30
Verknad av tidlegare planar for eininga.....	30

Viktige satsingsområde det siste året	30
Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)	30
Bygget sin tilstand og funksjon	31
Kapasitet.....	31
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	31
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv	31
HAVRENES BARNEHAGE.....	32
Verknad av tidlegare planar for eininga	32
Viktige satsingsområde det siste året	32
Viktige satsingsområde vidare (5-10 års perspektiv).....	32
Bygget sin tilstand.....	33
Kapasitet.....	33
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	33
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv	33
KROKANE BARNEHAGE.....	35
Verknad av tidlegare planar for eininga	35
Viktige satsingsområde det siste året	35
Viktige satsingsområde vidare	35
Bygget sin tilstand og funksjon	36
Kapasitet.....	36
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	36
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv	36
NEPJARHAUGEN BARNEHAGE.....	37
Verknad av tidlegare planar for eininga	37
Viktig satsingsområde det siste året	37
Viktige satsingsområde vidare (5-10 årsperspektiv).....	38
Bygget sin tilstand og funksjon	38
Kapasitet.....	38
Korleis vi ser på utviklinga av eininga dei neste 10 åra.....	39
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv	39
NYHEIMVEGEN BARNEHAGE	40
Verknad av tidlegare planar for eininga	40
Viktige satsingsområder siste året.....	40
Viktige satsingsområder vidare (5 – 10 års perspektiv).....	41
Bygget sin tilstand og funksjon	41
Kapasitet.....	41
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	41
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv	42
STOREVATN BARNEHAGE.....	43
Verknad av tidlegare planar for eininga	43
Satsingsområde det siste året.....	43
Viktige satsingsområde vidare (5-10 års perspektiv).....	43
Bygget sin tilstand.....	43
Kapasitet.....	44
Korleis ser vi på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	44

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv	45
TORVMYRANE SKULE OG BARNEHAGE.....	46
Verknad av tidlegare planar	46
Viktige satsingsområde det siste året	47
Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)	47
Bygget sin tilstand og funksjon	48
Kapasitet.....	48
Korleis ser vi på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	48
Skulen/barnehagen i eit kommunalt perspektiv	48
FURUHAUGANE BARNEHAGE.....	50
Verknad av tidlegare planar for eininga	50
Viktige satsingsområde det siste året	50
Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)	51
Bygget sin tilstand og funksjon	51
Kapasitet.....	51
Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra	51
Barnehagen i eit kommunalt perspektiv	52

1. ORGANISASJONSUTVIKLING OG FORANKRING AV ARBEIDET I SEKTOREN

For å forankre arbeidet med barnehageplanen og saman kunne sjå dei ulike utfordringane barnehagesektoren i Flora kommune står framfor i åra som kjem, har det vore eit viktig mål å engasjere alle dei tilsette i barnehagane. Det er derfor gjennomført felles fagkveld med kafé-dialog der alle barnehagetilsette og politikarar var invitert. Diskusjonstema har handla om:

- leiarutfordringar etter omstilling og strukturendring
- korleis sikre ein prosess som ivaretek den enkelte sin mulighet til å påverke endringsarbeid
- muligheter og utfordringar den enkelte har i arbeidet i høve til lokalt handlingsrom
- korleis legge best mogleg til rette for, og ivareta brukarmedverknaden i det pedagogiske arbeidet
- korleis sikre kvaliteten i barnehagetilbodet innanfor gjeldande rammer
- korleis nytte planar som styringsverktøy

I etterkant av fagkvelden er kvar barnehage utfordra til å reflektere rundt eigen ståstad som del av ein samla barnehagesektor i dag, og i eit framtidsperspektiv. Dette handlar om:

- full behovsdekking
- fleksibilitet og variasjonar i tilbodet
- satsingsområde
- kapasitet
- framtidig utvikling av barnehagen.


Barnehagane sine utfordringar og muligheter slik ein ser det i dag, er synleggjort i denne referansedelen til planen. I det framtidige arbeidet med handlingsprogram for kvar barnehage, sektoren sine felles satsingsområde og kompetanseutviklingsbehov, og ved implementering av revidert barnehagelov og rammeplan vil desse utfordringane bli endå meir synlege og konkrete.

2. KAPASITET OG FULL BEHOVSDEKKING

Utviklinga i barnetalet

Folketalsutviklinga i aldersgruppa under skulepliktig alder syner ein tilbakegang i heile kommunen. Færre 25-35 åringar saman med lågare innflytting dei siste åra kan vere årsak til dette. Utflytting på grunn av endringar i næringslivet vil og virke inn på tal på barn i aldersgruppa. Redusert tal på barn gjev størst utslag i distrikta i Flora, der spørsmål om å oppretthalde barnehage tilbudet vert vurdert kvar vår på grunn av få barn med behov for barnehageplass.

Tal på barn 0 – 5 år fordelt på distrikt og sentrum



Ser vi nærare på aldersgruppene 1-2 år og 3-5 år som er primærbrukarar av barnehageplassar, syner prognosen ein samla tilbakegang på 100 barn i perioden 2004 til 2015.

Framskrivning barnetal i Flora kommune

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Sum 1-2år	363	341	365	337	310	314	317	310	294	290	287	286	286	287	287	289	292
Sum 3-5år	554	577	531	540	532	513	489	461	476	465	456	438	432	430	428	430	429
Sum 1-5år	917	918	896	877	842	827	806	771	770	755	742	723	718	717	715	719	721

Full behovsdekking

Befolkningsendringar og endringar i samfunnstilhøva gjer full barnehagedekning til eit bevegeleg mål. Full behovsdekking er derfor definert som barnehageplass til dei som ønskjer det. Utfordringa vert å leggje til rette for nok barnehageplassar ut frå eit behov som kan oppstå til ei kvar tid, også etter år 2006.

Erfaringsmessig veit vi at om lag 20% av barna i aldersgruppa over 3 år i sentrum søker redusert plass. Vi har færrest barnehageplassar og flest barn på venteliste under 3 år. Mange foreldre i denne aldersgruppa nyttar høve til eit redusert barnehage tilbud kombinert med

kontantstønad. Ei fleksibel tilrettelegging av barnehageplassar, med omgjerung av plassar mellom aldersgrupper, gjer til at barnehagetilbodet i stor grad kan tilpassast søkjarar uavhengig av alder.

Opptaksområdet og nærmiljø

Kravet om samordna inntak skal gjere kommunen betre i stand til å planlegge barnehagetilbodet, og å oppnå full barnehagedekking (barnehageplass til dei som ønskjer det). Med utgangspunkt i samordna inntak til barnehagane ser vi området frå Brandsøy til og med sentrum som eit opptaksområde. Føresette søker primært barnehageplass i eige nærmiljø, og tilbod om barnehageplass vert i stor grad tildelt etter dette. Tildeling av barnehageplassar vert gjennomført etter inntaksliste, basert på Flora kommune sine kriteria for inntak til barnehagane. Bustadbygging og intern flytting i sentrumsområdet og kapasiteten ved dei ulike barnehagane, kan føre til at føresette ikkje alltid får tildelt første eller andre ønske om barnehageplass. Fleksibiliteten ved samordna opptaksprosess fører likevel til at føresette vil få eit barnehagetilbod i opptaksområdet.

Kapasitet

Barnehagane i opptaksområdet sentrum – Brandsøy har pr i dag maksimal arealutnytting, og såleis ikkje kapasitet til å ta imot alle barna som søker barnehageplass. Når ny barnehage på Krokane vert ferdigstilt med 54 barnehageplassar, vil vi ut frå dei søkerlistene vi har i dag kunne gje eit barnehagetilbod til dei som ønskjer dette.

Ved å leggje til rette for fleire og meir funksjonelle barnehageplassar i området Brandsøy-sentrum, vil vi og kunne imøtekomme eit behov for framtidige barnehageplassar.

Konklusjoner

Vi kan fastslå at:

- Dei fleste distrikta har i dag relativt nye og funksjonelle barnehageareal der barnehagetilbodet er samorganisert med skule og SFO, og alle desse har kapasitet til å ta mot fleire barn.
- I området Brandsøy-sentrum vil vi oppnå full behovsdekking i forhold til dagens venteliste med eksisterande barnehageplassar, i tillegg til ferdigstilling av ny barnehage med 54 plassar på Krokane.

I området Brandsøy-sentrum må vi likevel ta høgde for å leggje til rette for fleire og meir funksjonelle barnehageplassar. Dette vil vere tiltak på både kort og lang sikt med utgangspunkt i:

- å leggje til rette for auka fleksibilitet i eit areal som i dag er maksimalt utnytta
- ta høgde for at ytterlegare reduksjon i foreldrebetalinga fører til at fleire søker barnehageplass
- stille plassar i sentrum til disposisjon for barn i distrikta som søker barnehageplass i sentrum dersom barnehagetilbod vert lagt ned pga få barn

- opprusting av eksisterande barnehageareal etter forskrift om miljøretta helsevern for skular og barnehagar, og generelt vedlikehald av ei bygningsmasse som etterkvart nærmar seg 30 år
- avsetting av areal til barnehageformål i samband med rullering av kommunedelplan for Florelandet-Brandsøy i samsvar med areal avsett til bustadføremål

3. OVERSIKT OVER BARNEHAGANE I FLORA



I tillegg til Brandsøy skule og barnehage, høyrer desse barnehagane til under opptaksområdet sentrum – Brandsøy:

- Dalvegen barnehage
- Furuhaugane barnehage
- Havrenes barnehage
- Krokane barnehage
- Nepjarhaugen barnehage
- Nyheimvegen barnehage
- Storevatn barnehage
- Torvmyrane barnehage

I distrikta finn vi:

- Eikefjord barnehage
- Steinhovden skule og barnehage
- Solheim skule og barnehage
- Batalden skule og barnehage
- Rognaldsvåg skule og barnehage
- Svanoøy skule og barnehage

ASKROVA SKULE



Askrova skule har ikkje barnehagedrift i dag, men har tilrettelagt barnehageareal.

Framskrivning barnetal 1999 - 2015

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	
ÅR 0	0	2	0	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1	1
ÅR 1	1	0	2	0	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1
ÅR 2	1	1	0	2	0	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1
ÅR 3	2	1	0	1	2	0	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0
ÅR 4	1	2	1	1	1	1	0	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0
ÅR 5	7	1	2	2	1	1	1	0	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0
Sum 1-2år	2	1	2	2	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1
Sum 3-5år	10	4	3	4	4	2	2	1	2	1	2	1	1	1	1	1	1	1
Sum 1-5år	12	5	5	6	5	3	3	2	3	2	2	1	2	2	2	2	2	2

Verknad av tidlegare planar for eininga

Nye Askrova skule og barnehage vart opna i 1992. Bygget er tilrettelagt for kombinert skule- og barnehagedrift i ein organisasjon. Erfaringar gjort ved utprøving av "Askrova/Svanøy - modellen", har lagt grunnlaget for vedtak om drift av skule, barnehage og SFO som ei eining fleire andre stadar i kommunen.

Bygget sin tilstand og funksjon

Bygget er i god stand. Blir pr d.d. brukt til frie aktivitetar for 1. – 7. klasse. Planlagt omgjort til skulebibliotek og evt base for leksetid/morgontilbod for skuleelevane hausten 05.

Kapasitet

Drifta av barnehagen vart lagt ned til barnehageåret 99-00, på grunn av lavt barnetal og lite behov frå heimane om eit barnehagetilbod.

Samla organisasjon har areal til framtidig barnehagedrift om behovet skulle vere til stades.

Korleis vi ser på utviklinga av eininga dei neste 10 åra

Det har vore ein dramatisk tilbakegang i barnetalet frå 1999 og til 2005. Prognosane framover syner ein vidare tilbakegang. Skal barnetalet auke, må ein få til ei tilflytting av barnefamiljar.

BATALDEN SKULE OG BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	0,16	Plassar i bruk	7,5
Pedagogar	0,8	Tal på avd/grupper	1
Assistentar	0,2	Tal på barn	9
Andre	0		

Framskrivning barnetal 1999 - 2015

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
ÅR 0	3	2	1	0	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	2	2	2
ÅR 1	2	3	2	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	2	2
ÅR 2	0	1	3	2	2	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	2
ÅR 3	1	1	1	3	2	2	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1
ÅR 4	2	1	1	1	3	2	2	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1
ÅR 5	3	1	1	1	2	3	2	2	1	1	1	1	1	1	1	1	1
Sum 1-2år	2	4	5	3	3	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	3	4
Sum 3-5år	6	3	3	5	7	7	5	4	3	3	3	3	3	3	3	3	3
Sum 1-5år	8	7	8	8	10	9	7	6	5	5	5	5	5	5	5	6	7

Verknad av tidlegare planar for eininga

Barnehagen har freista å følgje opp kommunalt vedtekne planar, i tillegg til egne planar. Det er viktig at der er overordna planar som kan seie noko om retninga til "Flora-barnehagen". Då personalressursen er svært liten, er det eit problem å finne nok møtetid til eit endå grundigare pedagogisk utviklingsarbeid. Stort sett all tid må nyttast på avdelinga.

Viktige satsingsområde det siste året

Vi har jobba mykje med språk og språkstimulering. Dette opplever vi som spesielt viktige satsingsområde. Ein bit av dette har og vore kommunikasjon: barn-barn, barn-vaksen og vaksen-vaksen.

Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)

Vi vil fortsatt prioritere arbeidet med språk og språkutvikling. I tillegg vert innføringa, og oppfølginga, av ein ny rammeplan viktig.

Bygget sin tilstand og funksjon

Vi har eit generelt problem i høve til at bygget er gammalt og etter kvart nokså slitt. Problemet vert forsterka ved at det er svært lite midlar til oppussing og kjøp av inventar på eige budsjett.

Kapasitet

Barnehagen har heilt klart kapasitet til å ta imot fleire!

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Utviklinga i barnetalet er usikkert for åra som kjem, men stort sett har der vore stabilt med ungar, og der har stadig kome nye til, (tilflyttarar og barn frå øya). Viljen til å nytte barnehagen har alltid vore stor. Stort sett har alle aktuelle nytta barnehagen.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

Viktig å oppretthalde barnehagar i distriktet. Veldig greitt at ein har eit nedre tal heile plassar å halde seg til i høve drift/nedlegging. Då veit alle impliserte partar kva dei har å halde seg til.

ROGNALDSVÅG SKULE OG BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	0,16	Plassar i bruk	6,1
Pedagogar	0,39	Tal på avd/grupper	1
Assistentar	0,24	Tal på barn	9
Andre	0		

Framskrivning barnetal 1999 - 2015

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
ÅR 0	0	2	1	3	1	2	2	1	1	2	2	2	2	2	3	3	3
ÅR 1	1	1	2	2	3	1	2	2	1	1	2	2	2	2	2	3	3
ÅR 2	2	1	1	2	1	2	1	2	2	1	1	2	2	2	2	2	3
ÅR 3	1	2	1	1	2	1	2	1	2	2	1	1	2	2	2	2	2
ÅR 4	1	1	2	3	1	2	1	2	1	2	2	1	1	2	2	2	2
ÅR 5	3	1	2	2	3	2	2	1	2	1	2	2	1	1	2	2	2
Sum 1-2år	3	2	3	4	4	3	3	4	3	2	3	4	4	4	4	5	6
Sum 3-5år	5	4	5	6	6	5	5	4	5	5	5	4	4	5	6	6	6
Sum 1-5år	8	6	8	10	10	8	8	8	8	7	8	8	8	9	10	11	12

Verknadar av tidlegare planar for eininga

Barnehagetilbodet vert organisert som ein teneste saman med 1-7 skule og SFO.

Viktige satsingsområde det siste året

Barnehagane i øy-nettverket (Batalden, Svanøy og Rognaldsvåg) har felles satsingsområde knytt opp til språk og språkstimulering.

Viktige satsingsområde vidare

Bygget sin tilstand og funksjon

Kapasitet

Dei barna i aldersgruppa 1-5 år som i dag ønskjer eit barnehagetilbod, får dette inntil 4 dagar i veka. Bygget har kapasitet til å ta mot fleire barn i aldersgruppa under skulealder.

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Barnetalet i opptaksområdet har flata ut, og har hatt ein tilbakegang dei siste åra. Tilflytting av barnefamiljar har ført til at barnehage tilbudet er oppretthalde. Driftssituasjonen for barnehageavdelinga er i dag usikker. Prognosane for barnetalsutviklinga syner ei utflating, men det er avhengig av tilflytting av ytterlegare nye familjar for å oppretthalde eit framtidig barnehage tilbud.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

SOLHEIM SKULE OG BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	0,16	Plassar i bruk	7
Pedagogar	1	Tal på avd/grupper	1
Assistentar	0,83	Tal på barn	10
Andre	0		

Framskriving barnetal 1999-2015

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
ÅR 0	2	4	1	2	3	1	2	2	1	1	1	2	2	2	2	2	2
ÅR 1	2	1	3	1	1	3	1	2	2	1	1	1	2	2	2	2	2
ÅR 2	4	2	1	3	1	1	3	1	2	2	1	1	1	2	2	2	2
ÅR 3	2	4	2	1	4	1	1	3	1	2	2	1	1	1	2	2	2
ÅR 4	2	3	4	1	1	3	1	1	3	1	2	2	1	1	1	2	2
ÅR 5	3	2	3	4	1	1	3	1	1	3	1	2	2	1	1	1	2
Sum 1-2år	6	3	4	4	2	4	4	3	4	3	2	2	3	4	4	4	4
Sum 3-5år	7	9	9	6	6	5	5	5	5	6	5	5	4	3	4	5	6
Sum 1-5år	13	12	13	10	8	9	9	8	9	9	7	7	7	7	8	9	10

Verknadar av tidlegare planar for eininga

Barnehagetilbodet har sidan 1999 vort organisert som ein teneste saman med 1-9 skule og SFO. Bygget er tilrettelagt for kombinert skule- og barnehagedrift i ein organisasjon. Samarbeider om planer mellom skule og barnehage, i "Fjordnettverket" og i nettverk for pedagogiske leiarar.

Viktige satsingsområde det siste året

Felles satsingsområde i "Fjordnettverket":

- Språk-lesestimulering
- Fellesaktivitetar
- Fysisk aktivitet

Viktige satsingsområde vidare

- Språk og lesestimulering ved hjelp av språksprell
- Estetiske fag – skuggeteater
- Fysisk aktivitet

Bygget sin tilstand og funksjon

Kapasitet

Alle barn som søker barnehageplass ved skulen får i dag eit tilbod. Barnehagen har kapasitet til å ta imot fleire barn

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Prognosen for barnetalet syner ei utflating i åra som kjem.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

SVANØY SKULE OG FØRSKULE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	0,16	Plassar i bruk	5
Pedagogar	0,25	Tal på avd/grupper	1
Assistentar	0,66	Tal på barn	7
Andre	0		

Framskrivning barnetal 1999 - 2015

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
ÅR 0	0	1	1	1	1	0	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1
ÅR 1	1	0	1	1	1	2	0	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1
ÅR 2	3	1	0	3	1	1	2	0	1	1	1	1	1	1	1	1	1
ÅR 3	3	3	1	1	3	2	1	2	0	1	1	1	1	1	1	1	1
ÅR 4	3	3	2	1	2	2	2	1	2	0	1	1	1	1	1	1	1
ÅR 5	0	3	4	2	1	1	2	2	1	2	0	1	1	1	1	1	1
Sum 1-2år	4	1	1	4	2	3	2	1	2	2	2	2	2	2	2	2	2
Sum 3-5år	6	9	7	4	6	5	5	5	3	3	2	3	3	3	3	3	3
Sum 1-5år	10	10	8	8	8	8	7	6	5	5	4	5	5	5	5	5	5

Verknad av tidlegare planar for eininga

Barnehagetilbodet har sidan 1991 vert organisert som ein teneste saman med 1-7 skule og SFO. Bygget er tilrettelagt for kombinert skule- og barnehagedrift i ein organisasjon. Erfaringar gjort ved utprøving av "Askrova/Svanøy-modellen", har lagt grunnlaget for vedtak om drift av skule, barnehage og SFO som ei eining fleire andre stadar i kommunen.

Viktige satsingsområde det siste året

Barnehagane i øynettverket (Batalden, Rognaldsvåg og Svanøy) har felles satsingsområde om språk og språkstimulering.

Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)

Dersom barnehagetilbodet vert oppretthalde vil vi fortsatt prioritere arbeidet med språk og språkutvikling, i tillegg til innføring, og oppfølging, av ny rammeplan.

Bygget sin tilstand og funksjon

Bygget fungerer også som Grendahus og er i god stand.

Kapasitet

Dei barna i aldersgruppa 1-5 år i nærmiljøet som i dag ønskjer eit barnehagetilbod får dette. Bygget har kapasitet til å ta imot fleire barn i aldersgruppa under skulealder.

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Barnetalsprognosane syner ein framtidig nedgang og utflating i talet på barn under skulepliktig alder. Frå hausten 2005 vert barnehagetilbodet mest sannsynleg lagt ned. Ein barnefamilie flyttar frå øya til sommaren, og talet på barnefamiliar som vert buande er enno usikkert. Etablering av nye arbeidsplassar og tilflytting av nye småbarnsfamiliar må til for å oppretthalde eit barnehagetilbod.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

Barnehagen er, saman med skulen, ein viktig faktor for busetjing av barnefamiliar i utkantane. Vedtaket om ei nedre grense på 5 plassar i små barnehagar er ei nyttig rettesnor for foreldre og administrasjon i.h.t. forventa tilbod og drift, men skapar også noko uro i organisasjonen dersom ein blir liggande på "kanten av stupet" over tid.

STEINHOVDEN SKULE OG BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	0,16	Plassar i bruk	5
Pedagogar	0,76	Tal på avd/grupper	1
Assistentar	0,52	Tal på barn	8
Andre	0		

Framskrivning barnetal 1999 - 2015

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
ÅR 0	3	2	0	2	1	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2
ÅR 1	3	1	2	0	2	1	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2
ÅR 2	0	3	0	3	0	2	1	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2
ÅR 3	1	0	2	0	2	0	2	1	2	2	2	2	2	2	2	2	2
ÅR 4	8	1	0	2	0	2	0	2	1	2	2	2	2	2	2	2	2
ÅR 5	1	8	2	0	2	0	2	0	2	1	2	2	2	2	2	2	2
Sum 1-2år	3	4	2	3	2	3	3	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4
Sum 3-5år	10	9	4	2	4	2	4	3	5	5	6	6	6	6	6	6	6
Sum 1-5år	13	13	6	5	6	5	7	7	9	9	10	10	10	10	10	10	10

Verknad av tidlegare planar for eininga

Barnehagetilbodet vert organisert som ein teneste saman med 1-7 skule og SFO. Samarbeid om planer mellom skule og barnehage, i "Fjordnettverket" og i ped.nettverk er tilfredsstillande.

Viktige satsingsområde det siste året

Barnehagen har satsa spesielt på språk- og lesestimulering. Delteke på div.kurs (TRAS). Utvikla digitale mapper for borna. Samarbeid med foreldra om innhaldet i bhg. Rusta opp uteleikeplassen.

Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)

- Ny barnehagelov
- Språk- og lesestimulering. (TRAS)
- Digitale mapper

Bygget sin tilstand og funksjon

Barnehagebasen er i utmerka stand og fungerer tilfredsstillande ved å nytte tilstøytande rom til matykt, soving og fysiske aktivitetar. Ingen merknad til el.anlegg, ventilasjon eller tekniske tilhøve.

Kapasitet

Barnehagen har plass til ei avdeling, blanda gruppe.

Korleis ser vi på utviklinga i eininga dei neste 10 åra?

Barnetalet ligg i nedre grense for å oppretthalde eit barnehagetilbod. Samarbeider med SFO når barnetalet går ned mot 5 heile plassar. Godt utdanna, og stabilt personale.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

Barnehagen kan ta inn fleire barn, men avstandane gjer at foreldre frå t.d.Eikefjord meiner det vert for lang veg. Bygda har eit utviklingspotensiale i folketalsutvikling. Hopen evangeliesenter og vidaregåande skule har ofte behov for barnehageplass til born av elevar og personar under rehabilitering.

STANDAL SKULE OG BARNEHAGE



Standal skule har ikkje barnehagedrift i dag, men krinsen har tilrettelagt barnehageareal både ved Standal skule og Stavang skule.

Framskrivning barnetal 1999 – 2015

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
ÅR 0	2	1	0	3	1	2	1	1	2	2	2	2	2	2	2	2	2
ÅR 1	3	2	2	0	1	1	2	1	1	2	2	2	2	2	2	2	2
ÅR 2	7	2	2	2	0	1	1	2	1	1	2	2	2	2	2	2	2
ÅR 3	2	7	2	2	2	0	1	1	2	1	1	2	2	2	2	2	2
ÅR 4	8	2	7	3	2	2	0	1	1	2	1	1	2	2	2	2	2
ÅR 5	1	8	2	7	3	2	2	0	1	1	2	1	1	2	2	2	2
Sum 1-2år	10	4	4	2	1	2	3	3	2	3	4	4	4	4	4	4	4
Sum 3-5år	11	17	11	12	7	4	3	2	4	4	4	4	5	6	6	6	6
Sum 1-5år	21	21	15	14	8	6	6	5	6	7	8	8	9	10	10	10	10

Verknad av tidlegare planar for eininga

Standal skule fekk tilbygg til heildags barnehagedrift for barn i aldersgruppa 1-6 år i 1994, og samordna drift av skule, barnehage og SFO i ein organisasjon . Frå hausten 2001 vart skulekrinsane Stavang og Standal slått saman til ein krins, og alle elevane fekk skuletilbodet sitt ved Standal skule. Drifta av barnehageavdelinga vart samstundes flytta til Stavang skule. Flora bystyre gjorde vedtak om minimum 5 heile plassar som grunnlag for å oppretthalde barnehagedrifta ved ein barnehage i 2003. Drifta av barnehagetilbodet ved Stavang skule opphørde i august 2004, då tilgangen på barn som ønska eit barnehagetilbod var under minimumsgrensa på 5 heile plassar. Dette skuldast få barn i aldersgruppa under skulepliktig alder.

Viktige satsingsområde det siste året

Viktige satsingsområde vidare (5 10 års perspektiv)

Bygget sin tilstand og funksjon

Kapasitet

Området Stavang/Standal har i dag areal til barnehagedrift dersom barnetalet skulle ta seg opp.

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Barnetalsutviklinga i perioden syner ein stor tilbakegang i tal på barn i aldersgruppa under skulepliktig alder frå 1999 til 2004. Prognosane vidare syner ei utflating. Ein eventuell auke i barnetalet er avhengig av tilflytting.

Barn som i dag ønskjer eit barnehagetilbod i krinsen, kan få dette i andre barnehagar i kommunen. På grunn av avstandar, erfarer vi at Vevring barnehage i Naustdal kommune vert nytta av nokre få familiar.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

EIKEFJORD BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	0,8	Plassar i bruk	34
Pedagogar	3,1	Tal på avd/grupper	3
Assistentar	4,6	Tal på barn	44
Andre	0,6		

Framskrivning barnetal 1999-2015

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
ÅR 0	12	15	11	8	9	11	11	11	11	11	12	12	12	11	11	11	11
ÅR 1	17	13	13	11	8	9	11	11	11	11	11	12	12	12	11	11	11
ÅR 2	10	13	13	13	10	9	9	11	11	11	11	11	12	12	12	11	11
ÅR 3	11	10	12	14	13	11	9	9	11	11	11	11	11	12	12	12	11
ÅR 4	17	13	10	14	17	15	11	9	9	11	11	11	11	11	12	12	12
ÅR 5	12	18	10	10	15	19	15	11	9	9	11	11	11	11	11	12	12
Sum 1-2år	27	26	26	24	18	18	20	22	22	22	22	23	24	24	23	22	22
Sum 3-5år	40	41	32	38	45	45	35	29	29	31	33	33	33	34	35	36	35
Sum 1-5år	67	67	58	62	63	63	55	51	51	53	55	56	57	58	58	58	57

Verknadar av tidlegare planar for eininga

Vi har utvida tilbodet med ein utegruppe.

Viktige satsingsområde det siste året

Språkutvikling - Tras, natur, leik og comenius som er eit Eu program som vi har søkt om delta i - vil få svar på dette juli d. å .

Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)

Profilere tenesta, organisering. Gje dei tilsette fagleg utvikling. Styrke dokumentasjonen. Fortsette med Tras og fokus på språkutvikling. Ny barnehagelov

Bygget sin tilstand

Hems inne er stengt pga. branntilsyn ikkje godkjent tilkomstveg og rømmingsveg. Dette reduserer kapasiteten vår. Hadde vi hatt dette arealet tilgjengeleg kunne vi tatt inn fleire born.

Ventilasjonsanlegget er ikkje godt nok. Vi har for lite lagringskapasitet og rom som kan brukast varierende. Det er lagt nytt golvbelegg i heile barnehagen dei siste åra.

Kapasitet

Barnehagen er bygd som 2 avdelingsbarnehage med ei gruppe for barn under 3 år, og ei gruppe for barn over 3 år.

I tillegg har barnehagen ei utegruppe med kapasitet til 11 plassar i aldersgruppa over 3 år.

Dei som søker barnehageplass i Eikefjord i dag, får eit tilbod. Barnehagen har i tillegg ledig kapasitet til å ta mot fleire barn.

Aukar barnetalet må ein utviding på plass for å kunne takle dette.

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Barnetalsprognosane syner ein svak nedgang og utflating i talet på barn under skulepliktig alder i åra framover.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

OMRÅDET SENTRUM – KROKANE – TORVMYRANE - BRANDSØY

Framskriving barnetal 1999 – 2015 i sentrum

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
ÅR 0	77	75	82	67	67	81	69	69	68	67	66	66	65	64	64	63	63
ÅR 1	52	77	84	76	71	72	81	69	69	68	67	66	65	65	64	64	63
ÅR 2	68	56	79	78	75	73	72	81	69	69	68	67	66	65	65	64	64
ÅR 3	84	66	59	82	80	68	73	72	81	69	69	68	67	66	65	65	64
ÅR 4	66	88	64	59	79	81	68	73	72	81	69	69	68	67	66	65	65
ÅR 5	67	69	83	64	56	72	81	68	73	72	81	69	69	68	67	66	65
Sum 1-2år	120	133	163	154	146	145	153	150	138	137	135	133	131	130	129	128	127
Sum 3-5år	217	223	206	205	215	221	222	213	226	222	219	206	204	201	198	196	194
Sum 1-5år	337	356	369	359	361	366	375	363	364	359	354	339	335	331	327	324	321

Framskriving barnetal 1999 – 2015 for Krokane - Torvmyrane

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
ÅR 0	66	69	5	58	62	53	52	51	50	49	49	49	49	50	51	52	53
ÅR 1	69	68	60	55	61	57	53	52	51	50	49	49	49	49	50	51	52
ÅR 2	93	67	69	61	50	59	57	53	52	51	50	49	49	49	49	50	51
ÅR 3	49	91	67	59	62	52	59	57	53	52	51	50	49	49	49	49	50
ÅR 4	81	47	87	66	64	61	52	59	57	53	52	51	50	49	49	49	49
ÅR 5	68	73	54	85	68	65	61	52	59	57	53	52	51	50	49	49	49
Sum 1-2år	162	135	129	116	111	116	110	105	103	101	99	98	98	98	99	101	103
Sum 3-5år	198	211	208	210	194	178	172	168	169	162	156	153	150	148	147	147	148
Sum 1-5år	360	346	337	326	305	294	282	273	272	263	255	251	248	246	246	248	251

Framskriving av barnetalet og full barnehagedekking

Barnetalet i opptaksområdet har i perioden frå 1999 til og med 2004 halde seg konstant. I prognosen fram mot år 2015 ser vi ei utflating og ein tilbakegang i talet på barn.

Ny bustadbygging som følgje av fortetting i eksisterande regulert bustadareal, regulering av nytt bustadareal i kommunedelplanen, og auka tilflytting av barnefamiljar kan føre til auka etterspurnad av barnehageplassar.

Det vil vere fornuftig å vurdere om eksisterande barnehagar med stort uteleikeareal kan oppnå meir fleksibilitet i å tilby fleire barn barnehageplass med ei redusert utbygging av areal.

Det vil og vere viktig å avsette areal til nye barnehagebygg i tilknytning til nytt bustadareal som vert avsett i framtidige arealplanar.

BRANDSØY SKULE OG BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	0,35	Plassar i bruk	18
Pedagogar	1	Tal på avd/grupper	1
Assistentar	1,7	Tal på barn	19
Andre	0,2		

Framskrivning barnetal 1999 - 2015

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
ÅR 0	12	7	11	10	6	8	6	6	6	6	6	6	7	7	7	7	7
ÅR 1	9	15	9	10	9	8	8	6	6	6	6	6	6	7	7	7	7
ÅR 2	11	10	16	10	10	9	8	8	6	6	6	6	6	6	7	7	7
ÅR 3	14	10	13	20	9	9	9	8	8	6	6	6	6	6	6	7	7
ÅR 4	15	14	13	10	17	11	9	9	8	8	6	6	6	6	6	6	7
ÅR 5	11	17	15	11	9	16	11	9	9	8	8	6	6	6	6	6	6
Sum 1-2år	20	25	25	20	19	17	16	14	12	12	12	12	12	13	14	14	14
Sum 3-5år	40	41	41	41	35	36	29	26	25	22	20	18	18	18	18	19	20
Sum 1-5år	60	66	66	61	54	53	45	40	37	34	32	30	30	31	32	33	34

Verknad av tidlegare planar for eininga

Barnehagetilbodet vert organisert som ein teneste saman med 1-7 skule og SFO.

Då det blei bestemt at det skulle bli 20 barn pr avdeling i barnehagane i Flora hadde ikkje Brandsøy barnehage plass til det. Vi heldt fram med 18 plassar, og vi måtte redusere personalet etter det nye vedtaket for personaltettleik. Barnehagen er open frå 06.45 til 16.30. Sjølv med tre heile stillingar måtte vi organisere dagen slik at det var berre ein på vakt på begynninga og slutten av dagen. Etter det nye vedtaket vert åleinevakta morgon og kveld lenger. Dette slit på personalet.

Viktige satsingsområde det siste året

Språkleg stimulering: Vi har jobba mykje med språksprell og ser at det har vore med på å vekke ungane si interesse for m.a. bokstavar, rim og regler.

Fysisk fostring, med vektning på sunt kosthald. Vi har aktivitetar i gymnastikksalen ein gong i veka, og har endra bursdagsfeiringa der vi har kutta ut kake og set meir fokus på barnet både før og under sjølve feiringa.

Utebarnehage: Turdag ein dag i veka der vi utforskar naturen i nærområdet med tanke på både leik og læring.

Viktige satsingsområde vidare

Fysisk fostring og kosthald. Sunne og motorisk flinke ungar har betre føresetnad for å lære. Difor vil vi halde fram med det gode arbeidet vi har starta på i høve til fysisk fostring og sunt kosthald.

Utebarnehage. Utnytte naturen meir i leik og læring. Halde fram med å gjere området rundt Marit-bua meir eigna til leikearena og læring.

Profilering av tenesta. Bli meir synleg for brukarane og vise kva vi er gode på. Yte god service.

Ny barnehagelov og rammeplan vil og gje oss retningslinjer for vidare arbeid.

Bygget sin tilstand og funksjon

Brandsøy barnehage er ein liten barnehage også i den forstand at vi har lite areal å boltre oss på inne. Vi har tilgang til fellesareal som både kjøkken og gymnastikksal, men desse romma er mykje brukt av skulen og sfo . Dette reduserer vår bruk av romma, men i den grad vi brukar dei er vi svært nøgde med det.

Garderobeforholda er tronge, og både golv og veggjar er nedslitne. Det er ikkje berre malinga som er av, veggane er og slitt ned!

Krunglete forhold i høve til bleieskift, då eit toalett for funksjonshemma i den andre enden av bygget vert nytta som stellerom.

Alle rom er brukte og vi har såleis ikkje kvilerom. Barna kviler på golvet i barnehagerommet, som ikkje kan seiast å vere støvfritt.

Kapasitet

Bygget har kapasitet til ei gruppe med barn i aldersgruppa 3-5 år, i tillegg til drift av skule 1-7år og tilbod om SFO.

I høve til Lov om barnehagar har vi ikkje areal eller pedagogressurs til å ta inn fleire barn i barnehagen

Skulen har måtta ta i bruk spesialromma til klasserom.

Vi har von om at tidlegare planar om å utvide loftsarealet vert teken opp på ny, slik at det vert god nok plass til både skule og barnehage.

Alle søkjarar til avdelinga i Brandsøy, får i dag eit tilbod der.

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Det er viktig for bygda si historie og identitet at det er ein eigen barnehage i Brandsøy. Mange med barn under 3 år ønskjer plass, men barnehagen er ikkje tilrettelagd for det. Viser til planar for utbygging av eksisterande bygg.

Prognosar for barnetalsutviklinga syner ein stagnasjon og tilbakegang i åra framover. Tilrettelegging av nye bustadområde som kan fører til at fleire barnefamiljar vil flytte til Brandsøy, kan gje eit kapasitetsproblem. Ved tilrettelegging av nye bustadområde, må det også avsettast areal til barnehageføremål.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

Brandsøy vert rekna som del av opptaksområdet under sentrum. Om lag alle i nærområdet som søker barnehageplass i aldersgruppa over 3 år får i dag eit tilbod i Brandsøy. Ved å gjennomføre samordna inntak, får barn under 3 år mulighet for eit barnehagetilbod ved dei andre barnehagane i opptaksområdet.

Ved full barnehagedekning vert det kanskje kamp om foreldra og barna. Ein må derfor profilere og marknadsføre barnehagen i ei langt større grad enn før. Vi må orientere brukarane om kva vi er gode på, og kva vi kan tilby akkurat deira barn.

Barnehagen er liten, og gjev tryggleik ein kanskje ikkje får i ein større barnehage. Vår nærleik til skog og sjø gjer at naturen kan brukast som ein arena for både leik, læring og utvikling.

DALVEGEN BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	0,7	Plassar i bruk	30
Pedagogar	2,3	Tal på avd/grupper	2
Assistentar	3,7	Tal på barn	32
Andre	0,5		

Verknad av tidlegare planar for eininga

Omstilling 2000:

Etatane vart lagt ned og styrar fekk ny rolle som tenesteleiar. Dette har ført til meir varierte arbeidsoppgåver, men og meirarbeid og meir tidspress. Arbeidsoppgåver har og vorte delegert nedover i organisasjonen.

Meir ansvar og utfordringar etter danning av sektornettverk barnehage.

For personalet har ei auke i barnegruppene blant anna ført til høgare støynivå, meirarbeid og fleire barn å følgje opp.

Felles 4-årsplan for Flora-barnehagane:

Dette gav utgangspunkt for ei grundig og god drøfting i både personelt og med foreldre/føresette om haldningar og verdiar, og vart starten på vårt arbeid med å definere ei "pedagogiske plattform" for barnehagen.

Nettverk for pedagogiske leiarar på tvers av barnehagane, og hospitering for assistentar har vore særskilt vellukka.

Plan og vurderingssystem:

Handlingsprogram og årsrapport. Eit godt verktøy for kvalitetssikring.

Viktige satsingsområde det siste året

Det siste året har det vore viktig å tilpasse drifta til politiske vedtak. Samstundes har vi jobba med vår pedagogiske profil og ståstad som kulturbarnehage.

Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)

Pedagogisk vil vi fortsette å jobbe med kultur; nasjonal, lokal og internasjonal. Ny barnehagelov og innføring av ny rammeplan for barnehagar må implementerast i organisasjonen.

Bygget sin tilstand og funksjon

Etter ein gjennomgang av barnehagen etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, er det avdekka eit utbetningsbehov. Det vert gjennomført ei generell opprusting av ulike tiltak (golvbelegg, vindauge, støynivå på ventilasjonsanlegg) gjennom avsette midlar til arbeidsmiljøtiltak.

Kapasitet

Vi har dagleg plass for 20 barn over 3 år og 10 barn under 3 år. Barnehagearealet er lagt til 2. etasje i bygget, noko som hindrar at ein kan gje eit tilbod til barn som t.d. nyttar rullestol. I aldersgruppa under 3 år set vi og ei grense på kor mange eittåringar vi kan ta imot pga trapp til 2.etasje.

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Kva framtida vil bringe vil i stor grad vere avhengig av kva rammer vi har å jobbe etter. Sjølve bygget set ein del grenser for drifta. Dalvegen barnehage er ein god barnehage, men Dalvegen 1, som den står i dag, gjev oss liten fleksibilitet.

Bygget ligg flott til. Vi har kort veg til gymsal (Flora Videregående skule), kystmuseet, samfunnshuset (kino, teater, bibliotek), skog og sjø. Vi bruker aktivt nærmiljøet og knytar ofte utflukter til prosjektarbeid.

Innandørs er det mange kombinerte rom der den eine aktiviteten kjem i konflikt med den andre. Skal vi kunne ta inn over oss og legge til rette for personalet, foreldra og ikkje minst barna sine ulike behov ser vi to alternativ.

1. Ei kraftig opprusting av 1.etasje og utvida leigeavtale med KF bustad og eigedom.
2. Bygge eit nytt barnehagebygg i storåsen sør, som forslått i ein tidlegare plan.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

Vi registrerer at foreldre søker seg plass i ein barnehage i nærmiljøet. For mange ligg vi i deira nærmiljø. Men vi registrerer og at for mange foreldre er uteområdet viktig. Vi kan aldri kompensere fullt ut for manglande skog, men legg vår satsing andre stader. I forhold til nybygging og busetning ”bak storåsen” og langs Kinnvegen gjev Dalvegen barnehage eit godt tilbod til barn og foreldre. I forhold til eit aktivt samarbeid med foreldre, som har lagt ned svært mange dugnadstimar for å få barnehagen i best mogleg stand, opplever vi i dag at mange foreldre søker seg nettopp til vår barnehage.

HAVRENES BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	1,4	Plassar i bruk	60
Pedagogar	4,5	Tal på avd/grupper	4
Assistentar	7,5	Tal på barn	73
Andre	0,9		

Verknad av tidlegare planar for eininga

Havrenes barnehage har endra organiseringsform fleire gongar;

- Dei første åra 0-7 års grupper med eiga familiebarnehagebase
- 3-7 års grupper
- 3-5 års grupper
- I 1998 blei alle avdelingane gjort om til søskengrupper med barn i alderen 1-5år.

Frå august 04 fekk Havrenes barnehage auka barnetalet med 6 barn.

Personaltettleiken i barnehagen er endra. 44% av ein assistentstilling er omgjort til pedagogstilling.

Viktige satsingsområde det siste året

- **Leik** Avdelingane har sett av god tid og rom for leik. Fleksibel dagsrytme er prioritert for å unngå unødvendige avbrot.
- **5årsgruppe** Dei eldste barna har delteke i aktivitetar og fått utfordringar som er lagt til rette for dei.
- **Kulturformidling** Avdelingane har formidla uttrykk frå andre kulturar gjennom musikk, songar, rim og reglar og liknande.
- **Personalutvikling** Barnehagen ynskjer å utvikle eit felles grunnsyn. Personalet har delteke på seminar, kurs og vore på inspirasjonstur til Stockholm. På personalmøta har det vore sett av god tid til refleksjonssamtalar. Dette er eit satsingsområde som går over fleire år.

Viktige satsingsområde vidare (5-10 års perspektiv)

- Profilering av tenesta
- Organisering og innhald
- Innføring av ny rammeplan og ny lov om barnehagen
- Kosthald og fysisk aktivitet

- Sosial kompetanse
- Språk og kommunikasjon – media
- Personalpolitikk - seniorpolitikk

Bygget sin tilstand

Havrenes barnehage vart bygd i 1988, og vi ser at det vert viktig å prioritere fortløpande vedlikehald. Etter ein gjennomgang av barnehagen etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, er det avdekket eit utbetningsbehov som vert innarbeidd i eigen plan for vedlikehald/arbeidsmiljøretta tiltak:

- Kjøkkeninventar må skiftast.
- Ytterveggar må malast ferdig.
- Uteleikeplassen treng oppjustering med sand og grus. Områder i barnehagen må sikrast med nye gjerder.
- Lys-styrke på kontor og stellerom
- Nytt brannvarslingsanlegg i 2005.

I 2004 vart brannskiljevegger utbetra.

Kapasitet

Havrenes barnehage har fire avdelingar med barn i alderen 0-6 år. Frå hausten 05 vert ei av avdelingane endra til ”småbarnsgruppe” for barn i alderen 0-3 år. Leikearealet i barnehagen er på 290 m² og er maksimalt utnytta.

Barnehagen er godt tilrettelagt for barn med funksjonshemmingar.

Det er tilrettelagde arbeidsplassar for tilsette.

For å utvide kapasiteten til barnehagen kan ein nytte det store og flotte uteområdet.

Eit korttidstilbod ute kan vere ei løysing for ei gruppe barn.

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

I tider der effektivisering og fleksibilitet stadig gjer seg gjeldane, er det viktig å sette fokus på innhald, verdisyn og haldningar. Dette i forhold til kvalitetsomgrepet!

Økonomien vert stadig pressa i tenesta og utfordringane med å finne løysingar vert verre.

Dette er bekymringsfullt.

Barnehagen skal vere ein god og trygg plass der barn kan utvikle seg og oppleve det gode fellesskapet med andre barn og vaksne.

Det vert viktig å vurdere alternative måtar å organisere barnehagen på.

Personalet er ein viktig ressurs. Vi må fortsette å satse på personalutvikling. Her er meistring eit viktig tema.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

Havrenes barnehage har ein flott uteleikeplass med naturen som ”leikeapparat”, i nærleik til sjøen og til Storåsen og Litjeåsen. Uteleikeplassen er solrik og vindskjerma! Vi er ein sentrumsnær barnehage !

Barnehagen har eit personale som er opptekne av å gje barn og foreldre eit godt tilbod med vekt på lek, læring og omsorg.

KROKANE BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	0,35	Plassar i bruk	18
Pedagogar	1,65	Tal på avd/grupper	1
Assistentar	1	Tal på barn	21
Andre	0,4		

Verknad av tidlegare planar for eininga

Flora kommune har vedteke å byggje ein ny barnehage på Krokane. Eksisterande barnehage skal innlemmast som ein del av denne. Det nye bygget skal legge til rette for 54 nye plassar. Krokane barnehage vil då få 72 plassar.

Viktige satsingsområde det siste året

Det grunnleggjande og viktige har vore å leggje til rette for at barna skal få utvikle sosial kompetanse gjennom å være i samspel med andre. Vi har lagt til rette for at barna skal få tid og rom til å få leike i saman, der vaksne har ei aktiv rolle gjennom observasjon og deltaking på ulike måtar. Språk og kommunikasjon har vi lagt spesielt vekt på det siste året. Kjennskap til nærmiljøet og gode naturopplevingar har og vore viktige område.

Viktige satsingsområde vidare

Satsingsområda dei neste åra er prega av at vi er i ein situasjon der barnehagen skal utvidast. Vi har vore delaktige i planleggingsprosessen sidan det vart vedteke ubygging her på Krokane. Ut i frå erfaringar med tradisjonelle barnehagebygg, så er dette ein barnehage som skal byggast ut i frå nyare tankar i forhold til å tenke organisering i basar i staden for avdelingar. Dette gjev nye muligheiter og nye utfordringar i forhold til korleis ein organiserer arbeidet med barna, og korleis ein organiserer personalet i barnehagen.

Det er og lagt vekt på å kunne tenke meir fleksibelt i forhold til tal på barn i barnehagen over og under 3år. Vi skal kunne gje plass til dei som står på venteliste til barnehageplass.

Kvalitet i innhaldet for det einskilde barnet og barnegruppa er eit viktig utgangspunkt når vi planlegg og gjennomfører arbeidet. Det er viktig å både setje fokus på personane og miljøet som skal vere rundt barnet i barnehagetida.

Bygget sin tilstand og funksjon

Eksisterande barnehagebygg vert pussa opp ut frå arbeidsmiljømessige omsyn og elles ut frå eit generelt opprustingsbehov, samstundes som vi nå får eit nytt barnehagebygg. Det vert spennande å få lov til å ta i bruk eit bygg for framtida.

Kapasitet

Kapasiteten vert auka frå 18 plassar til 72 plassar

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Vi er i ein fase der i skal utvide og utvikle ein ny barnehage. Vi skal ta med det beste i frå vår praksis og utvikle ein barnehage for framtida. Barnehagen skal være ein stad der barn i ulike alder og med ulike behov skal utvikle seg og trivast. Personale i denne barnehagen skal med si erfaring og sin kunnskap utvikle barnehagen. Foreldre er ei viktig gruppe som skal delta i diskusjonane om kva barnehagen skal være for deira barn.

Vi må være medvitne om kva som er viktige verdiar å legge vekt på i dette arbeidet, lage vår plattform der vi utviklar og utvidar perspektiva våre i forhold til arbeidet med barna.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

Barnehagen skal være i utvikling, og må utvikle og endre seg i forhold til behov til kva behov samfunnet har. Vi har lov og rammeplan for barnehagar som gjev oss rammene, men har hatt og har stor fridom til å forme innhaldet i tilbodet vi gjev. Dei økonomiske rammene er viktige og er med på å gje muligheter og avgrensingar for drifta.

NEPJARHAUGEN BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	0,7	Plassar i bruk	40
Pedagogar	2,5	Tal på avd/grupper	2
Assistentar	3,2	Tal på barn	44
Andre	1,3		

Verknad av tidlegare planar for eininga

Det er gjennomført utbetringar og mindre ombyggingar for å kunne gje eit tilbod også til 0-3 åringar. Vi har bl.a. fått betre sanitærforhold og stellebenkar på begge bada. Planlagt utbygging/ombygging med soverom / kvilerom for dei yngste er enno ikkje på plass.

Arealet er maksimalt utnytta etter at vi fekk 20 plassar på kvar avdeling frå august 2004. Dette har mellom anna ført til at vi nå ser på barnehagen meir som ei eining enn som 2 avdelingar. Felles refleksjon og felles planlegging fører til nye tankar rundt organisering av samla barnegruppe i eit felles barnehageareal.

Vi har teke del i det kommunale satsingsområdet "Innhald og kvalitet i barnehagen". Dette har bl.a. resultert i at alle pedagogiske leiarar deltek i fagnettverk og assistentane våre har hospitert i andre barnehagar.

Omstilling 2000 førte til fleire organisatoriske og strukturelle endringar. Når vi no har to nivå har leiaren fått utvida fullmakter og mange fleire arbeidsoppgåver. Alle leiarane er organisert i eit nettverk (barnehagenettverk). Nettverket har ikkje juridisk avgjerdsmynde som forpliktar den enkelte leiar, men skal vere eit fora der leiarane diskuterer aktuelle og viktige saker som gjeld barnehage. Styrar i barnehagen har fått ny tittel: tenesteleiar.

Tidlegare undervisningsetat sitt plan og vurderingssystem er omarbeidd noko og gjeld for alle tenester i Flora Kommune. Utviklingsplan er erstatta av handlingsprogram som skisserer både fagleg og økonomisk status og prioriteringar framover. Det som tidlegare var våre standardar, er no vår tenesteerklæring. Faglege og økonomiske resultat av handlingsprogrammet vert synleggjort i årsrapporten.

Viktig satsingsområde det siste året

Dei viktigaste pedagogiske satsingsområda våre har vore samspel, omsorg, leik, og kulturformidling. For dei tilsette har personalutvikling vore tema; eit godt arbeidsmiljø med fokus på samspel, relasjon og dialog.

Viktige satsingsområde vidare (5-10 årsperspektiv)

Som den eldste barnehagen i kommunen er det nokre godt innarbeidde tradisjonar som vi vil verne om og vidareføre: jonsokbryllaup og julespel. Men vi vil også vidareføre andre satsingsområde vi er godt i gang med:

- Gje barna motorsike utfordringar og gode opplevingar i naturen og på turar i nærmiljøet, bl.a. for å kompensere eit lite fysisk utfordrande uteleikeplass.
- Kulturformidling
- Bruke drama som metode til læring og som inspirasjonskjelde til lek.

Framover vil vi ha desse satsingsområda:

- *Samspel, omsorg, lek & læring*: vi vil vidareutvikle logoen og mottoet vårt!
- *Ein fleirkulturell barnehage*: vi vil vere ein barnehage for alle barn!
- *Likestilling*: vi vil vere ein likestilt barnehage! Vi vil arbeide for at likestilling og likeverd ligg til grunn for det pedagogiske arbeidet
- *Brukarmedverknad og foreldrerettleing*; vi vil arbeide for at barnehagen vert ein meningssskapande møteplass der dialog og gjensidig respekt pregar samhandlingane våre
- *Dokumentasjon og profilering*: vi vil arbeide med å synleggjere barnehagen sitt innhald og marknadsføre barnehagen på ein god måte.
- *Seniorpolitikk*; vi vil arbeide for at Nepjarhaugen barnehage er ein arbeidsplass der vi får bruke våre ressursar til vi går av med pensjon!
- *Innføring av ny rammeplan og ny lov om barnehagar*. Arbeidet vårt skal alltid vere forankra i gjeldane lov og avtaleverk.

Bygget sin tilstand og funksjon

Nepjarhaugen barnehage opna i februar 1970 og er såleis den eldste barne barnehagen i Flora kommune. Dei seinare åra har bygget vorte oppgradert og er no meir funksjonelt og tenleg enn tidlegare. Men det er framleis ein del utbetringar som gjenstår:

- Vi manglar soverom/kvilerom for 0-3 åringar.
- Vi har ikkje tenleg(e) grupperom.
- Vi har ikkje tenlege arbeidsplassar for personalet.

Etter ein gjennomgang av barnehagen etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, er det avdekka eit utbetningsbehov som vert innarbeidd i eigen plan for vedlikehald/arbeidsmiljøretta tiltak.

Kapasitet

Vi har til saman 40 plassar for barn i alderen 3-6 år og eit nettoteikeareal på 164,5 m² fordelt på avdelingar over to etasjar. Frå august 2005 fekk vi 20 barn pr. avdeling og kapasiteten (arealet) er dermed nytta fullt ut.

Begge avdelingane har store og lyse opphaldsrom, funksjonelle garderobar og gode bad/stellerom. Bygget er ikkje godt eigna til å ta i mot barn med fysiske funksjonshemmingar.

Korleis vi ser på utviklinga av eininga dei neste 10 åra

Vi ønskjer å vere ein barnehage som:

- *Gjev barna rike mulegheiter for utvikling gjennom leik og læring.*
- Den faglege pedagogiske utviklinga av barnehagen er elles skissert i punkt 3.
- *Møter foreldra med openheit*
- *Gjev dei tilsette yrkesglede og mulegheiter til fagleg og personleg utvikling.*

Vi har ei relativt stabil personalgruppe der dei aller fleste er kvinner i 40 –50 åra. Vi må derfor ha eit særleg fokus både på personalutviklingstiltak og på seniorpolitikk i åra framover. Vi må arbeide målretta for å behalde engasjement, motivasjon og arbeidsglede i ein hardt pressa kvardag. I tider med endringar og auka press på personale er det svært viktig å arbeide for å sikre og vidareutvikle kvaliteten i barnehagen gjennom målretta planlegging og kompetanseutvikling for dei tilsette.

Andre utfordringar som vi må arbeid med framover for å få ei god og ønskeleg utvikling:

- Gje alle barn uansett morsmål eit likeverdig tilbod (reduisert tilskot til tospråklege assistentar gjev oss ei utfordring her).
- Bevare fagleg god kvalitet etter auke til 20 barn pr. avdeling innanfor same personalnorm
- Arbeide godt med dokumentasjon og profilering for å rekruttere barn til barnehagen og fyller opp plassane når det vert full barnehagedekning i kommunen
- Etablere eit nyttig og gjensidig samarbeid med Florø barneskole som er ein av våre næraste naboar.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

Nepjarhaugen barnehage er den eldste, og mest sentralt plasserte barnehagen i Flora kommune. Vi vonar og trur at vi vil ha ein sentral plass i barnehagetilbodet i Flora kommune også vidare framover. Internt vil vi bidra til dette først og fremst ved å vidareutvikle og sikre god kvalitet på det faglege innhaldet i nært samarbeid og dialog med brukarane. Om dei siste naudsynte utbetingane vert gjort, vil vi også kunne vere fleksible nok til å tilpasse tilbodet til etterspørselen og gje tilbod til alle aldersgrupper.

NYHEIMVEGEN BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	0,7	Plassar i bruk	64
Pedagogar	2,1	Tal på avd/grupper	4
Assistentar	3,9	Tal på barn	71
Andre	0,2		

Verknad av tidlegare planar for eininga

Plan- og vurderingsystemet:

Etter omstilling 2000 vart dette systemet erstatta av handlingsprogram og årsrapport for tenesta. Standardane vart omdefinerte og er no ein del av barnehagen si tenesteerklæring. Barnehagen sender framleis inn utviklingsplanar som del av kompetanse-planane på fylkesnivå.

Kvalitet og kvalitetssikring:

Handlingsprogram og årsrapport er eit godt verktøy for å sikre heilskapleg utvikling og kvalitet på barnehagetilbodet. Det sikrar og involvering av ulike aktørar i vurderingsarbeidet vårt.

Som ein del av den statlege satsinga gjennom ”Stortingsmelding nr. 27 Barnehage til beste for barn og foreldre” har barnehagen gjennomført eit utviklingsarbeid der målet har vore å utvikle verktøy og system for å oppretthalde, vidareutvikle og sikre kvaliteten.

Vidare er barnehagen del av den 4-årige kvalitetsatsinga i kommunal regi som m.a. har fått i stand fagnettverk for pedagogiske leiarar og assistenthospitering. Denne satsinga på kvalitet vil verte vidareført.

Primærkontaktssystem:

Internt har barnehagen utarbeidd eit primærkontaktssystem som skal sikre systematisk jobbing for å stimulere og sikre barnet si utvikling og læring. Dokumentasjon og då særleg pedagogisk dokumentasjon er nøkkelord her.

Auke i antal barn per avdeling frå 18 til 20. Dette har ført til ein del organisatoriske endringar.

Viktige satsingsområder siste året

- Primærkontaktssystemet, eit system der dei vaksne får ei mindre gruppe barn som dei skal følge opp og ha eit særleg ansvar.
- Sosial kompetanse med eit særleg fokus på språklege ferdigheiter.

- Arbeidsmiljø og personalarbeid

Viktige satsingsområder vidare (5 – 10 års perspektiv)

- Utvikle barna sin basiskompetanse d.v.s. deira sosiale handlingsdugleik og deira språk og kommunikasjonsevne i vid tyding.
- Vere ein sørvisinnstilt og fleksibel barnehage
- Eit positivt og utviklande arbeidsmiljø for personalet, herunder IA-arbeid og livsfaseorientert personalpolitikk.
- Markedsføre og profilere barnehagen som nærmiljøbarnehage for ytre Havrenes

Bygget sin tilstand og funksjon

Etter ein gjennomgang av barnehagen etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, er det avdekket eit utbetningsbehov som vert innarbeidd i eigen plan for vedlikehald/arbeidsmiljøretta tiltak:

- Underdimensjonert ventilasjonsanlegg i eldste del av bygget, fører til dårleg inneklimate.
- Manglande temperaturstyring og solavskjerming
- Vedlikehaldet innvendig er relativt godt, ein del av inventaret er etter kvart så nedslitt at det burde ha vore utskifta.
- Bygget treng å verte malt, det same gjeld for ein del av uteleikestativa
- Mangelfull lagringsplass
- Begge avdelingane er for trangt møblert i rømningssona (jfr. siste brannsynsrapport). Dette kan vanskeleg løysast på ein tilfredsstillande måte.
- Det elektriske anlegget er gammalt i den eldste delen av bygget og har ein del manglar
- Bygget har brannalarm, denne bør koblast direkte mot alarmsentral

Kapasitet

- 2 avdelingar fordelt på to etasjar
- 34 plassar over 3 år, evt. 30 plassar over 3 år og 2 plassar under
- netto leike- og opphaldsareal = 157 kvadratmeter
- barnehagen er ikkje særskilt tilrettelagt for å kunne ta i mot barn med funksjonshemmingar

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Barnetalet i kommunen er stabilt. Utbygging av ny barnehage på Krokane vil truleg føre til at vi når full behovsdekking. Dette betyr at det vert brukars marked, d.v.s. at barnehagane i større grad enn før må tilpasse seg brukar sine behov og ønsker. Dette vil utfordre oss på mange måtar, særleg i forhold til fleksibilitet og brukarmedverknad. Nyheimvegen barnehage, som held til i eit gammalt og på mange måtar upraktisk bygg og i tillegg har ein liten uteleikeplass, må markedsføre seg ut ifrå innhald og organisering i større grad enn dei fleste

andre barnehagar treng. Ein tydeleg pedagogisk profil, samt eit velkvalifisert og stabilt personale vil vere vår styrke i så måte.

Slik bygget framstår i dag er det ikkje optimalt tilrettelagt for barnehagedrift. For fortsatt å kunne drive barnehage i dette bygget meiner vi at følgande kan gjerast:

- bygget vert oppgradert slik at det tilfredsstiller krav til m.a. inn klima og sikkerhet og barnehagen vert driven som no
- avdelinga i 2. etasje vert fasa ut på sikt og det totale antal barn i barnehagen vert redusert frå 34 til 25. Personalet vert redusert frå 7 til 5 og består av 2 pedagogar og 2 barne- og ungdomsarbeidarar/assistentar i tillegg til styrar. Ei slik løysing vil føre til større fleksibilitet i høve barn som ønsker eit anna tilbod enn det vi kan gje i dag
- av dei 25 barna kan t.d. 5 av dei til ei kvar tid knytast opp til eit tilbod ute eller dei kan nytte avdelinga i 2. etasje i periodar av dagen til tema-arbeid e.l.

Dersom bygget av helsemessige og sikkerhetsmessige omsyn vert vurdert som lite eigna til barnehagedrift, bør ein satse på utbygging av ny barnehage i Storåsen for å sikre eit nærmiljø-tilbod til barn og foreldre i ytre Havrenes.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

Flora kommune treng større variasjon og fleksibilitet i tilbodet til barn og foreldre. Nyheimvegen barnehage er ein liten 2-avdelingsbarnehage. Mange foreldre vel oss nettopp fordi vi er liten av storleik. Dei set pris på oversikta og intimiteten dette gjev. Nærleik til skog og sjø gjer at vi i stor grad kan bruke naturen som ein arena for utvikling og læring.

I eit lengre perspektiv vil vi kunne tilby eit variert tilbod knytt opp til korttidsgrupper/ utegrupper.

Vi har etter kvart funne vår form og jobbar målretta og godt ut ifrå gjeldande lover og føreskrifter. Flora kommune bør også i tida framover satse på å oppretthalde variasjon i storleiken på barnehagane.

STOREVATN BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	1,5	Plassar i bruk	58,5
Pedagogar	4	Tal på avd/grupper	4
Assistentar	7,5	Tal på barn	63
Andre	0,6		

Verknad av tidlegare planer for eininga

- Handlingsprogram for Flora kommune, ein mal for alle kommunale tenester
- Plan for innhald og kvalitet over ein 4 årsperiode (inkl. fagnettverk, og hospitering)
- Barnehagen har vore gjennom eit utviklingsarbeid som ein del av den statlege satsinga; Barnehage til beste for barn og foreldre, Stortingsmelding nr 27, der målet har vore å utvikle verktøy og system for å oppretthalde og sikre kvalitet på det pedagogiske arbeidet.
- Vedtak om auke av born på gruppene, først til 19 sidan til 20 born over 3 år og 10 under 3 år. Bystyrevedtaket frå juni –04 påla oss å skjere ned på basisbemanninga med 70% stilling, grunna manglande areal til å fylle opp maksimalt på alle gruppene.

Satsingsområde det siste året

- Kystkulturen / byen vår
- Vaksenrolla (LØFT)

Viktige satsingsområde vidare (5-10 års perspektiv)

- Organisering og innhald, -sikre kvalitet etter vedtaket om nedbemanning.
- Dokumentasjon og profilering
- Fysisk fostring, kosthald og friluft
- Språk og kommunikasjon
- Seniorpolitikk og personalarbeid generelt
- Implementering av ny lov og rammeplan

Bygget sin tilstand

Storevatn barnehage er bygd i 1981, og påbygd i 1993. Bygget vart sist malt utvendig og skifta råtne bord - sommaren 97

Mange utbetringar frå 2000 og fram til i dag:

- Nytt sikringsskåp
- Nytt golvbelegg
- El-anlegg utbetra
- Varmekablar i bakken ved ankomst
- Godt utelys på leikeplassen
- Gjerde rundt uteleikeplassen skifta
- Nytt brann alarmanlegg i 2005

Behov pr idag:

- Taket av papp treng fornyast, då vi er langt over forventa haldbartid. Lekkasjer vert no lappa ved akutt krise.
- Inne; behov for ei generell ”ansiktsløfting” etter 25 års hard bruk.
- Inngangspartiet til to avdelingar er også vognskur / lagerplass. Dette ser provisorisk og ”sjuskete” ut, i tillegg til at brannsyn har bemerkta hindring av rømningsveg. Her er også roteskader. Treng utbetrast.
- Dreneringsbehov på uteplassen, det dannar seg mange dammar i det våte veret vi har.

Etter ein gjennomgang av barnehagen etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, er det avdekkta eit utbetningsbehov som vert innarbeidd i eigen plan for vedlikehald/arbeidsmiljøretta tiltak. Utbetringane vert sett i samanheng med ei vurdering av ei mogleg utviding av barnehagekapasiteten i bygget.

Kapasitet

Storevatn barnehage har tilsaman 270 m² leikeareal. Dette inkluderer eit påbygg til funksjonshemma born, oppført i 1993. Barnehagen er i utgangspunktet bygd med 2 avdelingar til 18 barn under 3 år, og 2 avdelingar til 36 barn over 3 år. I 1997 var gruppene omorganisert til søskengrupper i alderen 1-5 år på alle avdelingane.

Nedbemanning og auke av born siste åra har tvinga fram ei omorganisering; frå hausten –05 opprettar vi ei småbarnsavdeling for dei 10 yngste borna. Det vil vise seg om dette er meir ”rasjonelt”.

Vi meiner at vi har uteområde nok til ei avdeling til, om det skulle vere behov for ei sentrumsutbygging i eit kommunalt perspektiv. Ei slik utbygging kunne sjåast i samanheng med at vi treng skifte taket.

Korleis ser vi på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Vi vil halde fokus på barnehagen si viktige rolle i dagens samfunn. Vi vil ta på alvor vår rolle som viktig påverknadsfaktor ettersom borna er i vår varetekt i store deler av si vakne tid. Foreldre som vel barnehageplass hos oss skal vere trygge på at borna deira vert sett og respektert og får delta i eit fellesskap som gjer dei godt. Difor har vi fått ytterlegare utfordringar etter bystyrevedtaket i juni –04 som førte til nedbemanning hos oss.

Pedagogisk planleggingsarbeid krev tid til møter, og dette er ei utfordring i seg sjølv. I tida framover lyt vi bruke tid på vurdering av metodar og organisering, samt implementering av ny lov og rammeplan.

Vi ser at satsing på personalarbeid vert viktigare enn nokon gong; for å behalde ressurspersonar og kompetanse, og for å hindre større gap mellom omstilling og arbeidsro. Vi vil halde fram å nytte metodar frå LØFT-filosofien (Langslet) i personalgruppa.

Vi har pr i dag eit stabilt personale og relativt lågt sjukefråver, men vi merkar auke i ønskje om reduserte stillingar. Vi vil framleis ha fokus på personalarbeid og ivareta eit arbeidsmiljø for arbeidstakarar i ulike livsfasar.

Elles vil vi halde fram at personalet er samarbeidsorienterte og har ei god haldning til arbeidet sitt. Dei er engasjerte og opptekne av å utvikle både seg sjølv og barnehagen.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

Storevatn barnehage har vore i drift sidan 1981 ,og vi har i løpet av desse åra vore aktive med utviklingsarbeid. Mellom anna har vi arbeidd med tekstskaoping, sosial kompetanse, friluftsliv og personalarbeid.

Vi har gjennom mange år hatt born med ulike funksjonshemmingar, og etterkvart tileigna oss ein viss kompetanse på dette feltet.

Vi er ein sentrumsnær barnehage, samstundes som vi ligg nær eit variert naturområde.

Sjølve uteleikeplassen er unik , den er både stor og innhaldsrik ,og det er vanskeleg å kjenne seg innegjerda her...

Vi har eit stabilt personale, dei fleste har vore her i lang tid.

Om behovet for sentrumsutbygging skulle vere tilstades har vi allereie nemnt at ei utbygging / rehabilitering av vår barnehage kan vere realistisk.

TORVMYRANE SKULE OG BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	1,55	Plassar i bruk	76
Pedagogar	6	Tal på avd/grupper	3
Assistentar	8	Tal på barn	80
Andre	3		

Verknad av tidlegare planar

- Ferdigstilling og drift av Torvmyrane skule frå august 1998 var ei av føringane i 1992 – 2000 planen.
- Omstilling 2000 førte til fleire organisatoriske og strategiske endringar i kommunen. Etatsomgrepet er borte og vi har no to nivå i kommunen der tenesteleiarane har fått utvida fullmakter og delegert fleire arbeidsoppgåver. Det er utarbeidd eit plan og vurderingssystem som gjeld for alle tenestene i kommunen. Handlingsprogrammet er erstatta av den tidlegare utviklingsplanen, og skal innehalde både faglege og økonomiske prioriteringar. Årsrapporten skal synleggjere resultatane av desse prioriteringane.
- Frå 2001 – 2005 har barnehagane i Flora kommune hatt eit felles kommunalt satsingsområde med fokus på innhald og kvalitet. Dette har mellom anna resultert i pedagogisk leiarnettverk og hospiteringsordning for assistentane.
- I samband med bystyrevedtak om oppheving av kringsgrenser mellom sentrumsskulane i 2000 vart det gjort vedtak om at barnehagen skal oppretthaldast i eksisterande storleik, og ikkje gradvis utfasast som først vedteke.
- I kommunedelplan for skular og barnehagar 2000 – 2010 vart Torvmyrane skule framleis organisert som ein og ein halv parallell skule frå 1- 7. årssteg og 4 avdelingsbarnehage.
- Frå og med barnehageåret 2002 – 2003 vedtok bystyret, på initiativ frå Torvmyrane, å opprette ei friluftsgruppe i barnehagen og samstundes utvide barnetalet med 11 plassar. Denne gruppa barn har base i ein lavvu i nærleiken av barnehagen, men har eigen garderobe i bygget.
- Som del av kommunen sitt salderingsbehov i 2004, gjorde Flora bystyre vedtak om å auke tal på barn frå 19 til 20 barn over 3 år og frå 9 til 10 barn under 3 år. For Torvmyrane som har barnegrupper i alderen 1 – 5 år førte denne auken i tal barn til ei organisatorisk utfordring slik at det framleis skal vere ein trygg og god stad for barn å vere der dei kan leike, lære og utvikle seg.
- Ein annan konsekvens av auke i barnegruppene var at pedagognorma måtte endrast. Av den grunn valde vi å gjere om to assistentstillingar til pedagogiske leiarstillingar. Dette medførte at 50% av personalet er tilsett som assistentar og 50 % er tilsett som pedagogiske leiarar. Desse to gruppene har ulike arbeids- og ansvarsoppgåver og det krev difor ein ny diskusjon i personagruppa.

Viktige satsingsområde det siste året

- Vi er ein stor og kompleks organisasjon med barn frå 1- 12 år som rommar både barnehage, skule og SFO. Dei viktigaste felles satsingsområda våre har vore:
 - Å utvikle ein pedagogisk profil for heile organisasjonen.
 - Å lage eit fellesskap prega av personleg og profesjonell tillit mellom alle aktørar.
 - Å ta vare på kvaliteten i arbeidet med barna og i utviklingsarbeidet når kvaliteten på romkapasitet og personaldekking går ned.
-
- Barnehagen har i år hatt særskild fokus på filosofi med barn. Synneva Helland v/ Høgskulen i Sogn og Fjordane har vore rettleiar i dette prosjektet.

Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)

Det er viktig for oss å vidareutvikle heile organisasjonen i fellesskap.

Personale:

Ta i bruk medarbeiderprofil. Både internt for alle tilsette og eksternt som forpliktar. Å skape ein felles arbeidsplasskultur gjennom felles planlegging, kurs og kollegarettleing, samarbeid i det daglege på tvers av klassar/avdelingar, felles tema på tvers av barnehage og skule

Born:

Å skape reelt fellesskap på tvers av skule og barnehage gjennom vennskaps- og fadderordningar, aldersblanda aktivitetar og tilstellingar.

Foreldre:

Felles FAU/SU for skule og barnehage.

Administrasjon:

Fordeling av arbeidsfelt på tvers av skule og barnehage.

Å vidareutvikle ein pedagogisk profil for heile organisasjonen med fokus på barn sine styrkesider og barnehagen som arena for danning. Hovudelementa er:

1. *Howard Gardners teori om mange intelligensar og kva det har å seie for borns læremåtar.*
2. *Filosofisk samtale med born.*
3. *Dokumentasjon: utprøving av portfolio*

I tillegg til felles satsingsområde vil vi i barnehagen ha særskild fokus på:

Innføring av ny rammeplan.

- Vidareutvikle eit tett samarbeid mellom 2 og 2 avdelingar.
- Utvikle meir samarbeid mellom friluftsgruppa og dei andre avdelingane.
- Iverksetje planer for meir friluftsliv for alle avdelingene.
- Meir fokus på dei yngste barna.

Bygget sin tilstand og funksjon

Bygget vart teke i bruk hausten 1998, og er i god stand. Men ei utfordring for barnehagen er våtgarderobar. Her er det muleg å byggje om inngangspartia til dei to gardrobane slik at det vert halvklimaliserte rom / våtgarderobar.

Uteområdet er ferdigstilt, og ei plan for aktivitetar på heile området er under utarbeiding. Men det er behov for utbetring av gjerde, portar og drenering.

Kapasitet

Skulen/barnehagen er på ca.3000 m², med kapasitet til 15 klassar/barnehageavdelingar. Bygg og uteområde er vel lagt til rette for funksjonshemma. Det fungerer også godt til aktivitetar for bydelen på ettermiddags- og kveldstid.

Pr. i dag er kapasiteten på bygget sprengt. Vi er 16 klassar/barnehageavdelingar. I tillegg har vi ei friluftsgruppe med barn i barnehagen som nyttar fellesarealet i barnehagen før kl.0900 og etter kl.1500 etter behov.

Korleis ser vi på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

Utviklinga av Torvmyrane skule er heng nøye saman med barnetalsveksten i bydelen. Avgjerd om korleis barnetalsveksten skal handterast vil få konsekvensar som går vidare enn Torvmyrane. Avgjerda må takast av HUUV/Bystyret, og vil bestemme vår pedagogiske profil langt forbi planperioden.

Flora kommune starter no utbygging av ny 4- avdelingsbarnehage på Krokane som skal stå ferdig innan utgangen av desember 2005. Vi er usikre på om dette vil få konsekvensar for søkjartalet til barnehagen på Torvmyrane.

Med fleire nye barnehageplassar vil kommunen sannsynlegvis nærme seg full barnehagedekning. Dette meiner vi må få ein konsekvens for barnetalet i gruppene. Målet må vere å redusere tal barn pr. gruppe utan at det blir reduksjon i personalet. Nyare forskning, seinast frå Sverige, viser at det er klar samanheng i tal på barn i gruppene, vaksentettleik og kvalitet i arbeidet.

Skulen/barnehagen i eit kommunalt perspektiv

Utviklinga av Torvmyrane skule som møtestad for Botnaholten-Solheimslia området vil halde fram i samarbeid mellom skulen og Krokane bydelsutval.

På svært lang sikt når (når klassetalet går ned og her er få barn som har behov for barnehageplass) vil bygget eller delar av det kunne brukast til andre føremål enn opplæring (bufellesskap t.d) om ein ønskjer det. Bygningsteknisk vil ein kunne gjere dette med forholdsvis små inngrep.

Barnehagen på Torvmyrane har vist stor vilje til endring og omstilling i høve utfordringar i kommunen. Barnehageinntaket vil til ei kvar tid påverke arbeid og organisering i barnehagen, sidan barnetal og alder varierer frå år til år. Men med meir samarbeid mellom avdelingane der

ein ser to og to avdelingar meir under eitt får vi ein større fleksibilitet både i høve barnegruppene og personalet.

Sjølv om det har vore omstilling og endringar sidan barnehagen starta for 7 år sidan har den vore utviklingsretta og har ved to høve søkt og fått utviklingsmidlar til arbeid med språkutvikling og filosofi med barn frå Fylkesmannen og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Barnehagen ligg i eit flott naturområde i Brandsøyåsen med alle mulegheiter til eit variert friluftsliv. Vi har opparbeidd fleire basar i området der barna kan utfalde seg.

FURUHAUGANE BARNEHAGE



Tilsette		Barn	
Administrasjon	1,4	Plassar i bruk	64
Pedagogar	4,6	Tal på avd/grupper	4
Assistentar	8,6	Tal på barn	71
Andre	1,1		

Verknad av tidlegare planar for eininga

AL. Furuhaugane barnehage er ein privat andelsbarnehage med 64 plassar, der Flora kommune eig 39.

Organiseringsform har endra nokre gongar sidan barnehagen opna i 1992

- To avdelingar med barn i alderen 0-3 år og to avdelingar med barn i alderen 3-7 år
- Eiga avdeling for 6 års gruppe
- Frå august 1998 barn i alderen 1- 5 år på alle fire avdelingar.

I kommunal regi er AL. Furuhaugane barnehage med på.

- Felles satsingsområde – TRAS (Tidleg registrering av språkutvikling).
- Pedagogisk leiarnettverk
- Hospiteringsordning for assistentgruppa
- Nettverksmøte for tenesteleiarane/styrarane
- Fellesskulering
- Barnehageopptak.

Etter at Flora Kommune vart omorganisert til to-nivå, er barnehagen i større grad avhengig av å søke seg informasjon sjølv. Ein del av informasjonen som vart gjeve tidlegare på styrar og rektormøte, vert no formidla på kommunedagar som styrar i barnehagen ikkje er deltakar til.

AL. Furuhaugane barnehage

- IA-bedrift sidan mai 2004
- Fått til eit godt HMS-system

Viktige satsingsområde det siste året

- **Estetiske fag:** Vidareutvikle personalet sin kunnskap og erfaring, og gje barna erfaring og kjennskap til dei ulike uttrykksformer dei estetiske faga representerer.
- **Språkutvikling:** Gje alle barn best mogeleg individuell oppfølging og utvikling, samt auke personalet si merksemd og kompetanse for emnet.
- **Samarbeid:** Gje barn og foreldre mogelegheit til å bli kjende med fleire barn og vaksne i barnehagen. Aldersinndelte grupper ein dag i veka (0-3 år, 3 år, 4 år, 5 år).

Vidareutvikle fellesskapet mellom avdelingane ved å jobbe med felles tema og halde fokus på arbeidsmiljø.

- **Kommunikasjon/dokumentasjon:** Vidareutvikle personalet si evne til pedagogisk refleksjon og vurdering, samt evne til samtale med barn. Dokumentere arbeidet betre. Personalet har jobba mykje med bruk praksisforteljingar dei siste åra.

Viktige satsingsområde vidare (5 – 10 års perspektiv)

Revisjon av Lov om barnehage og revisjon av Rammeplan for barnehage set nok nye krav til barnehagen og i den samanheng ser vi at viktige satsingsområde vidare vert:

- TRAS
- BFD's Handlingsplan for Likestilling i barnehagen
- Barn og foreldremedverknad
- Personalets evne til refleksjon og verdistyring
- Synleggjering av innhaldet

Bygget sin tilstand og funksjon

Barnehagen vart bygd i 1991/92, som to hus med eit tun imellom.

Husa skal beisast utvendig sommaren 2005

Det har vert utført vedlikehald inne og ute etterkvart som det har vore naudsynt.

Det må skifte ventilasjonsanlegg i hus B i 2005

Kapasitet

AL. Furuhaugane barnehage er godkjent for 64 plassar.

Pr. i dag har vi 16 plassar for barn i alderen 0-3 år og 48 plassar for barn i alderen 3-5 år.

Barnehagen er godt tilrettelagt for funksjonshemma.

Det er tilrettelagt arbeidsrom for dei tilsette.

Korleis vi ser på utviklinga i eininga dei neste 10 åra

På nasjonalt plan har det dei siste åra vore ei barnehagereform som gjev føringar for både kommunar og barnehageeigarar. Ny lov om barnehage og ny Rammeplan for barnehagen set nye krav til barnehagen gjennom ein meir innhaldsrik innhaldsparagraf, samt barn og foreldres medverknad.

Om AL. Furuhaugane barnehage held fram med å vere privat også i framtida, gjev kommunanes plikt til offentleg likehandsaming i Lov om barnehagar (Offentleg tilskot til privat barnehagar) barnehagen betre utgangspunkt for kostnadskalkylar og økonomisk stabil drift.

Barnehagen i eit kommunalt perspektiv

AL. Furuhaugane barnehage er ein godt innarbeidd barnehage, som tradisjonelt sett har hatt eit opptaksområde som omfattar heile Florø, men størst frå Krokane-området. Barnehagen ligg ved innfartsvegen og er såleis ein naturleg stoppestad for mange foreldre på veg til arbeid. Barnehagen har i mange år hatt barn som skal starte på dei fire sentrumsskulane (Barneskolen, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy).

Barnehagen ligg lunt til på ei tidlegare gartneritomt. Barnehagen er bygd som to hus med eit tun mellom. Tomta er godt skjerma for vind som gjere at barna kan vere ute kvar dag heile året. Det er kort veg til skogsområde som ligg i barnehagens nærmiljø, og skogsområde vert ofte brukt. I dei 13 åra barnehagen har vore i drift har personalet opparbeida seg god kompetanse på ulike funksjonshemmingar. AL. Furuhaugane barnehage har ikkje kristen formålsparagraf jmf. vedtektene, det gjer til at barnehagens personale har ei medviten haldning til markering av dei kristne høgtidene.

Personalet i barnehagen har vore flinke til å følgje med og omstille seg i høve den samfunnsutviklinga som har vore i høve sektoren. Dei siste åra har det vore eit sterkt politisk fokus på plassar, tid og pengar. No er eindel av rammefaktorane fastsett nasjonalt, det gjev ein moglegheit til å ha eit sterkt fokus på innhaldet i den pedagogiske verksemda barnehagen skal vere for barna i alderen 1-5 år.